



Kommunemøte om situasjonen i Ukraina og covid-19-pandemien

Deltakarar: Kommunane, fylkeskommunen, KS, helseføretaka, Sivilforsvaret, Røde Kors, NAV, UDI og Vest politidistrikt.

Ikkje til stades: Aurland kommune, Austevoll kommune, Fedje kommune, Høyanger kommune, Masfjorden kommune, Tysnes kommune, Ullensvang kommune, Voss herad og Årdal kommune

1. Innleiing

Kommunemøte

Vi avlyser dei faste kommunemøta, og kallar inn ved behov.

Fagmøte fjellskred

NGU gjennomfører og har planer om å gjennomføre fjellskredkartlegging i fleire kommunar på oppdrag frå NVE. I samarbeid med NVE inviterer vi torsdag 16. Juni kl. 09.30 til 11.00 til eit informasjonsmøte på Teams om dette temaet. Invitasjon til møtet vert send ut innan kort tid.

Sjå elles NVE sine sider om kartlegging av fjellskred: <https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/om-kart-og-kartlegging-av-naturfare/om-kartlegging-av-fjellskred/>

Fagsamling i september

Vi minner om fagsamlinga for samfunnstryggleik og beredskap 27. til 28. september i Bergen.

Målgruppa er kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar/smittevernlegar, beredskapskontaktar og andre som arbeider med beredskap i kommunane.

Vi sender ut informasjon om førebels program og påmelding seinare denne månaden.

2. Kommunelege med smittevernansvar inkl. fungering

Vi minner om skjema vi sendte ut for ei tid tilbake, for innmelding av kommunelege med smittevernansvar for sommarperioden. Vi oppdaterer fortløpande ved endringar, og skjemaet vil vere tilgjengeleg gjennom sommaren.

De finn skjema her: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/skjult/kommunelege-med-smittevernansvar-veke-23-til-og-med-34>

3. Opphaldskort

Kvinnherad kommune har opplevd motstridane informasjon frå UDI om prosessen rundt utlevering av opphaldskort, når det er nødvendig for politiet å ta nytt bilde og fingeravtrykk. Trond Sekkingstad frå Vest politidistrikt informerte i møtet om at politiet får informasjon frå UDI om kven dette gjeld og vil ta kontakt med dei fortløpande for å avtale time. Politiet arbeider med å få gjort dette på ein effektiv måte og har per i dag eit mål om å få teke unna alle som venter på å få registrert bilet og fingeravtrykk før sommaren.



Samstundes presiserer Sekkingstad at det er mogleg at enkeltpersonar ikkje vert fanga opp i det etablerte systemet. Han oppmoda difor om at personar som opplever at det tek uforholdsmessig lang tid å bli kontakta av politiet, om å sende ein e-post til politiet sitt postmottak (post.vest@politiet.no).

Politiet orienterte elles om at alle flyktningar som oppheld seg i Vest politidistrikt sitt område no skal ha fått tilbake pass og andre papir som politiet tok inn ved registreringa etter grenseplassering.

4. Status for flyktningsituasjonen frå UDI

Det er god plass i mottaksystemet og i dei akutte innkvarteringane. Hotel Orion i Bergen har siste dag som akuttinnkvarteringsplass måndag 6. juni. Viss det ikkje skjer store endringar i mottakstal vil UDI truleg byggje ned noko av kapasiteten.

UDI presiserer at det er viktig at kommunane buset raskt og at det er viktig at ein tek i mot flyktningane på avtalt dato.

UDI arbeider framleis med å ta ned etterslepet på midlertidig alternativ mottaksplatz (AMOT). Det er så langt innvilga AMOT for 3785 personar, og per dags dato er det 250 søknadar som ventar behandling. For søknadar som er sendt før 1. mai vil kommunen få innvilga tilskot frå 1. mars, medan det for søknadar innsendt etter 1. mai vil bli gitt tilskot frå datoén for søknad.

Alle akuttinnkvarteringane har fått tilskot til aktivitetar, og særleg aktivitetar retta med born.

Viss ein lurer på om det er gjennomført tuberkuloseundersøking for enkeltpersonar kan ein sende ein e-post til Nasjonalt ankomstsenter: tuberkulosesvar@rade.kommune.no

5. Politiattestar

Sunnfjord kommune har spurt om vi kjenner til om andre kommunar har erfaring med krav om politiattest for frivillige som skal arbeide med Ukrainske flyktningar. Sunnfjord krev at desse må legge fram politiattest.

Politiattest kan ikkje utferdast på generelt grunnlag; det må vere heimel i lov eller forskrift for å kunne krevje det. For personar i dei frivillige organisasjonane kan det t.d. vere for dei som skal utføre oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige, eller personar med utviklingshemming.

Oversikt over formål der ein kan be om politiattest: <https://www.politiet.no/globalassets/02-tjenester-admin/politiattest/kreve-politiattest-fornyet-vandelskontr/formal-til-soknad-om-politiattest.pdf>

Alver kommune informerer i møtet at dei har tett dialog med lokalt politi om dei som melder seg som utleigarar og frivillige.

Røde kors opplyste om at dei krev politiattest av alle som skal arbeidde med barn under 18 år.

Finnmark politidistrikt har utarbeidd eit notat med informasjon om politiattest i samband med flyktningsituasjonen i Ukraina som vi legg ved referatet.

6. Vekerapportering



Helsedirektoratet informerer om at det frå veke 21 vil vere rapportering i STAF-løysinga kvar 14. dag, på oddetalsveker (gjeld alle tema i rapporteringsløysinga). Frist for kommunane er måndagar med unntak av veke 23. Frå veke 26 og til og med 32 vil det vere pause i rapporteringa. Tidspunkt for rapportering går fram av oversikta under.

- Veke 23: rapportering i STAF med frist kl. 12.00 tysdag 7. juni
- Veke 25: rapportering i STAF med frist kl. 12.00 måndag 20. juni
- Veke 33: rapportering i STAF med frist kl. 12.00 måndag 15. august

I tillegg til spørsmåla frå Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet, har òg Bufdir og NAV spelt inn nye spørsmål. Vi legg eit oversyn over spørsmåla som det no skal rapporterast på ved referatet. Vi har fått beskjed om at det truleg ikkje vil kome fleire endringar før sommaren.

7. Flyktningssituasjonen

Blant flyktningane frå Ukraina har delen privatbuande og personar på AMOT auka nokså mykje. Det fører til nokre utfordringar i det eksisterande systemet. I møte med statsforvaltarane i førre veke presiserte IMDi at det er viktig at kommunane sjølv registerer busetjingstidspunkt i IMDInett for dei privatbuande som allereie bur i kommunen, når det vert gjort avtale om busetting. Dette er same praksis som tidlegare ved privatbuande flyktningar, men mange er truleg ikkje klar over det.

IMDi meiner at det er grunn til å tru at ein stor del av dei som er privatbuande og frå AMOT enno ikkje har fått registrert busetjingstidspunkt. Det er difor viktig at alle kommunar sjekkar dette, sidan tilskotet til kommunane kjem først når buseting er registrert.

8. Varslingsprøve 8. juni

Onsdag 8. juni skal Sivilforsvaret gjennomføre varslingsprøve (test av tyfonanlegga) over heile landet. DSB/Sivilforsvaret har i samarbeid med UDI laga ein tekst med informasjon til flyktningane om varslingsprøva. Målet er å sikre at flyktningane er informert om varslingsprøva, og difor ber DSB/Sivilforsvaret kommunane om hjelp til å formidle informasjonen.

Vi sendte informasjon ut om dette på tysdag, men legg òg teksten på norsk, engelsk og ukrainsk ved referatet.

UDI informerte i møte at dei vil sende ut informasjon til alle asylmottak og akuttinnkvarteringar.

9. Scenario for helsetenestebehov for flyktningar frå Ukraina

FHI har utarbeidd ein rapport som tar utgangspunkt i ulike scenario for bruk av helsetenester for flyktningar frå Ukraina framover. Rapporten viser at sjølv konservative estimat for tal flyktningar og forventa behov for helsetenester for dei, gir markant auke i helsetenestebruk i kommunar som tar i mot flyktningar. Det vil vere spesielt der helsetenestene allereie er nær kapasitetsgrensa. Scenarioa viser større auke i allmennlegebruk enn i liggedøgn på sjukehus.

Rapporten finn de her: <https://www.fhi.no/publ/2022/scenarier-for-helsetjenestebehov-for-flyktninger-fra-ukraina/>



10. Spørsmål i møte

I møtet fekk vi følgjande spørsmål i chatteren:

Me opplever at flyktningar med kollektiv beskyttelse får ulikt format på D-nr. Nokre av dei me har motteke har fått norske (ser det ut for), og dette gjer at dei raskt får oppretta bankkonto, min ID, sendt endring på folkeregistrert adresse digitalt osv, medan nokre får ordinære D nr, noko som gjer at ulike prosessar tek lang tid. Kva er årsaka til at dei får ulike, og er dette noko som kan endrast på? Det ser ut som eit ordinært norsk personnr.

Under kan de sjå svaret frå politiet:

Det korte svaret er at ved selve asylregistreringen så rekvireres det et D-nr (midlertidig personnummer). Dette nummeret skal være påskrevet asylsøkerbeviset. Alle får altså det når de søker. Når UDI har fattet vedtak om kollektiv beskyttelse og dette vedtaket er effektuert så sendes det automatisk en ny elektronisk melding til Skatteetaten slik at et ordinært norsk personnummer skal utstedes. Det er Skatteetaten som har ansvaret for dette, de informerer alle som har fått personnummer ved ordinær post til oppgitt adresse, inkludert informasjon om hvordan bli en elektronisk bruker osv. Vi erfarer at mange får sitt ordinære personnummer relativt raskt, andre ganger går det noe tid.